



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 10.11.2017

Vår ref: 17/05894-3

Dykkar ref:

Høyring - samansetting av Kyrkjerådet

Møre bispedømeråd har i møte i dag handsama høyring om samansetting av Kyrkjerådet.

Bispedømeråd fekk utsatt høyringsfrist til 10. november.

Møre bispedømeråd svarar slik på dei ulike spørsmåla:

1. *Har høringsinstansen synspunkter knyttet til leder av Kirkerådet?*

Val av leiar av Kyrkjerådet bør vere som i dag. Det bør bli vurdert at leiar av Kyrkjerådet skal bli frikjøpt inntil 100% stilling. Preses bør ikkje vere valbar til leiar av Kyrkjerådet.

2. *Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om hvert bispedømme bør være representert i Kirkerådet?*

Kvart bispedømeråd bør vere representert i Kyrkjerådet med eit lekt medlem

3. *Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om Kirkerådets medlemmer må være medlem av Kirkemøtet?*

Medlemmer av Kyrkjerådet må vere medlem av Kyrkjemøtet, men med unntak for spørsmål 6 og 7

4. *Har høringsinstansen synspunkter på antallet prester i Kirkerådet?*

Likt antal prestar som i dag

5. *Har høringsinstansen synspunkter på antallet lek kirkelig tilsatte i Kyrkjerådet?*

Likt antal lek kyrkjeleg tilsett som i dag

6. *Har høringsinstansen synspunkter på lederne i Mellomkirkelig råds og Samisk kirkeråds deltakelse eller medlemskap i Kirkerådet?*

Kan ha møte- uttale og forslagsrett i Kyrkjerådet – som i dag.

7. Har høringsinstansen synspunkter på hvordan ungdomsrepresentasjon i Kirkerådet kan ivaretas?

Ungdomsrepresentasjonen skal i hovudsak bli sikra gjennom valreglane vi har i dag. Ungdomens kyrkjemøte nominerer eit vist antal representantar der Kyrkjemøtet vel ein representant til Kyrkerådet. Det er delte meiningar i bispedømerådet om representanten bør får stemmerett eller kun får møte-, uttale og forslagrett i Kyrkerådet.

8. Har høringsinstansen synspunkter på antall varamedlemmer i Kirkerådet? I prinsipp som i dag.

Lekt medlem frå kvart bispedømeråd får vararepresentant frå sitt bispedømeråd. For lek kyrkjeleg tilsett og representant frå dei øvrige blir desse valt separat i valomgang 3, og får som vara i den følgande i avstemming vara uavhengig av bispedømeråd

9. På bakgrunn av høringsinstansens vurderinger til spørsmålene ovenfor: Hvordan ønsker høringsinstansen oppsummerende at Kirkerådet skal sammensettes?

Bispedømerådet helder fast på si tidlegare uttale i vegval-saka:

Kyrkerådet har i dag eit passande antal medlemmer. For å ivareta geografisk spreining bør regelen om at kvart bispedøme skal ha minst ein representant i Kyrkerådet blir oppretthaldt. Vidare at det blir lagt til grunn at det bør bli tilstreba minst 20 prosent representasjon av unge under 30 år og minst 40 prosent representasjon av begge kjønn i Kyrkerådet.

Møre bispedømeråd ber om at det blir arbeid for ei tydeleggjering av skillet mellom administrasjonen og det valte Kyrkerådet. Ei slik tydeleggjering kan bli gjort gjennom å gi administrasjonen eit nytt namn eller nemning.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
stiftsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Andreas Henriksen Aarflot

Mottakere:
KR - Avdeling for kirkeordning
Kirkerådet

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO